

KOROS PROSJEKTSTØTTE FOR KUNST I OFFENTLEGE ROM – LOKALSAMFUNNSORDNINGA

Formål

KORO si ordning for tilskot og produksjonsbistand har som formål å stimulere til produksjon og formidling av kunstprosjekt i offentlige rom og bidra til utvikling innan fagfeltet lokalt og regionalt.

Søknadsfrist: 1. februar 2020 kl. 24:00

KVEN KAN SØKE?

Desse kan søke om prosjektstøtte:

- **Kunstnarar og kuratorar**
- **Sivilsamfunnsaktørar**
- **Kommunar og fylkeskommunar**

Aktørar frå kunstfeltet/sivilsamfunnet og lokale og regionale styresmakter kan søke om tilskot til prosjekt kvar for seg og saman.

Institusjonar og organisasjonar med driftstilskot over statsbudsjettet får ikkje innvilga tilskot frå KORO.

UTLYSING 2020

I 2020 skal KORO fordele 10 millionar kroner i prosjektstøtte.

KORO støttar tiltak som styrkjer kunstproduksjon i lokalsamfunn over heile landet. I denne samanhengen ser vi etter prosjekt som mellom anna:

- kastar lys over samanhengen mellom kunst og offentlegheit og nyttar det offentlege rommet som arena for diskusjon og debatt
- stimulerer til nye samarbeidsformer mellom aktørar som legg til rette for kunst, og dei som skaper kunsten
- undersøker spenningsforholdet mellom estetikk, etikk og kontekst
- utviklar samarbeid på tvers av nasjonale og internasjonale fagmiljø
- fremmer utviklinga av arbeidet med kunst knytt til by- og stadutvikling

KVA KAN FÅ STØTTE?

Ein kan søke om tilskot til:

- produksjon av kunstprosjekt i offentlege rom
- utvikling av kunstproduksjon i offentlege rom (forprosjekt)

Ein kan også søke om eit tettare samarbeid med KORO om produksjon og prosjekt- og metodeutvikling.

KORO gir også tilskot til kunst- og kunnskapsformidling. Desse midla kan ein søke om forløpende. Søknadsskjema for dette blir lagt ut her seinare.

Kva kan ein *ikkje* søke om tilskot til?

Ein kan ikkje søke om tilskot til prosjekt som fell utanfor formålet til ordninga. Ein får ikkje tilskot til tiltak som er under gjennomføring, eller til prosjekt som får støtte frå andre statlege fond.

Ein får *ikkje* tilskot til:

- ordinær drift
- dekking av underskot
- residencyopphold og reiseverksemd

KORO støttar normalt ikkje prosjekt som berre føregår i utlandet. For støtte til slike prosjekt, ver vennleg å kontakte Office for Contemporary Art Norway OCA ([lenke](#)) og Norwegian Crafts ([lenke](#)).

KRAV TIL SØKNADEN

Ein må levere søknaden via den elektroniske søknadsportalen til KORO innan søknadsfristen. Søknaden må tilfredsstille dei gjeldande krava og retningslinjene som er fastsette av KORO. Søknader som ikkje er komne inn innan søknadsfristen, eller som fell utanfor ordninga, vil bli avvist.

Søknaden må innehalde:

- kven som er ansvarleg for planlegginga og gjennomføringa av prosjektet samt økonomien til prosjektet
- prosjektskildring med skildring av bakgrunn, fagleg innhald og formål med tiltaket
- framdriftsplan med forventa start- og sluttidspunkt
- budsjett og finansieringsplan med søknadssum

Obligatoriske vedlegg:

- CV til prosjektansvarleg, deltakande kunstnar(ar) og andre medverkande

- bildemateriale, skisser, planar og anna relevant referanse materiale

Krav til eigendel

Kunstnarar, kuratorar og sivilsamfunnsaktørar: Eigendelen må vere på minst 10 % av dei totale kostnadene. Eigeninnsats kan bli rekna inn i dette beløpet.

Kommunar og fylkeskommunar: Eigendelen må vere på minst 50 % av totalbudsjettet. Ein kan gjere unntak frå minstekravet om eigendel ved søknad om støtte til forprosjekt.

SØKNADSSKJEMA

Søknadsskjema og utlysingstekst blir tilgjengelege minimum to (2) månader før søknadsfristen. Les utlysingsteksten nøye før du begynner å fylle ut søknadsskjemaet. KORO anbefaler at du også gjer deg kjend med personvernerklæringa.

Det er mogleg å mellomlagre søknaden før endeleg innsending. Første gongen du lagrar skjemaet, blir du beden om å fylle inn *søkars e-postadresse*. Til denne e-postadressa blir det sendt ei URL-adresse du må bruke kvar gong du skal føye til eller endre noko i søknadsskjemaet. Hugs å lagre undervegs.

Alle dokument du skal laste opp, må vere i formata PNG, JPG, eller PDF og kan ikkje overstige 10 MB per vedlegg.

Du må sende inn utfyldt skjema innan søknadsfristen. Når du har sendt søknaden, vil du få ei stadfesting på at KORO har fått søknaden.

Anbefalte nettlesarar

Vi anbefaler at du nyttar desse nettlesarane:

Mac: Safari 6 eller nyare

Pc: Internet Explorer 9 eller nyare

Utanlandsk søker/Foreign applicant

Manglar du norsk fødselsnummer eller D-nummer, må du kontakte KORO seinast 14 dagar før søknadsfristen. *If you do not have a Norwegian social security number or D-number, contact KORO no later than 14 days before application deadline.*

KVA BLIR LAGT VEKT PÅ I VURDERINGA?

I vurderinga av søknadene legg ein vekt på høg kunstfagleg kvalitet, kunstnarisk, kulturelt og geografisk mangfold og produksjonsformer som involverer eit breitt spekter av samarbeidspartnarar og publikumsgrupper. Søknadens relevans i forhold til utlysingsteksten og formålet til ordninga blir også lagt til grunn.

KVEN VURDERER SØKNADEN?

Søknadene blir vurderte av eit fagutval. Medlemmene i fagutvalet blir presentert på nettsidene til KORO i god tid før søknadsfristen.

VEDTAK

KORO skal informere søkerar skriftleg om vedtaket.

KLAGETILGANG

Du kan klage til Kulturdepartementet på feil ved saksbehandlinga, rettsbruken og faktagrunnlaget. Du kan ikkje klage på den kunstfaglege vurderinga. Klagefristen er tre veker frå meldinga om vedtaket er kommen fram. Send klagen til KORO.

GJENNOMFØRING

Kommunen eller fylkeskommunen som får innvilga middel og/eller produksjonsbistand, har ansvar for gjennomføringa av prosjektet og bestemmer korleis gjennomføringa skal organiserast. Det er eit krav at prosjektet blir leidd av ein kunstfagleg prosjektleiar.

VILKÅR OG RETTLEIING FOR UTBETALING

For **kunstnarar, kuratorar og sivilsamfunnsaktørar** skjer utbetalinga i ratar. Dei første 80 % av tilskotet blir utbetalt når søkeren har akseptert kontrakten. Dei resterende 20 % blir utbetalt når KORO har godkjend sluttrapporten.

For **kommunar og fylkeskommunar** skjer utbetalinga etterskotsvis når KORO har godkjend sluttrapporten og rekneskapet.

I særskilte tilfelle og etter skriftleg ynske kan delar av tilskotsbeløpet bli utbetalt tidlegare.

Bortfall av tilskot – akseptfrist

Tilskotet fell bort dersom det ikkje er akseptert innan fristen som er oppgitt i tilsegnbrevet. Eventuell utsetting føreset skriftleg søknad før fristen går ut. Det blir ikkje innvilga pengar til søkerar som ikkje har levert inn sluttrapport i tidlegare prosjekt.

Endringar i prosjektet

Dersom det skjer vesentlege endringar i prosjektet (inkludert i budsjett og framdriftsplan), må KORO bli informert. KORO har rett til å trekke tilskotet dersom grunnlaget for støtta ikkje lenger er til stades.

Tilbakehaldning og tilbakebetaling av tilskot

KORO kan halde tilbake tilskot og krevje at utbetalte tilskot blir betalt tilbake dersom tilskotet ikkje er blitt nytta etter føresetnadene, dersom tilskotet er gitt på bakgrunn av urette opplysningar, eller dersom det er andre vesentlege brot på vilkåra.

Andre krav

Ein skal gjere kjent om prosjektet er:

- Støtta av KORO
- Produsert i samarbeid med KORO
- Produsert av KORO

Logo kan lastast ned frå nettsidene til KORO.

KORO føreset at tilskotsmottakarane honorerer kunstnarar og fagpersonar i tråd med gjeldande avtaler, vederlagsordningar og anbefalte satsar. Dette skal komme fram av budsjett, rapport og rekneskap. Kunstfagleg prosjektleiar skal minst bli honorert etter honorarsats per time avtalt mellom kunstnarorganisasjonane og Kulturdepartementet. For rettleiande honorarsats, sjå nettsidene til KORO.

SLUTTRAPPORT

KORO har eit fagleg ansvar for dokumentasjon og arkivering av kunst i offentlege rom. Materialet som blir sendt inn, dannar grunnlaget for kunnskapsutvikling og forsking på fagfeltet. Rapporten skal også innehalde eit rekneskap som viser at midla er nytta i samsvar med prosjektskildringa og vilkåra i tilsegnbrevet.

Tilskotsmottakaren skal sende fagleg rapport, rekneskap og dokumentasjon seinast tre månader etter sluttdato for prosjektet. Sluttdatoen blir sett i god tid etter sjølve gjennomføringa, til eit tidspunkt der søkeren har fått oversikt over alle inntekter og utgifter. Siste delen av tilskotet fell bort dersom rapporten ikkje blir levert innan fristen.

I rapporten skal gjennomføringa av prosjektet skildrast. I tillegg skal ein sende inn rekneskap og dokumentasjon i form av bildefiler, lydfiler eller liknande. Lenker til presseomtale kan takast med der det er relevant. Materialet vil vere tilgjengeleg for kunsthistorisk forsking.

Rekneskapet skal vise korleis tilskotet er brukt, og vere sett opp slik at det er mogleg å samanlikne det med det innsendte budsjettet. Ein skal spesifisere heile tilskotet frå KORO og eventuelle tilskot frå andre. Ein må kunne legge fram kvitteringar på førespurnad. Avvik på meir enn 10 % mellom rekneskap og budsjettet som låg til grunn for tilskotet, skal kommenterast.

Merk at KORO kan stille særlege vilkår i samband med tildelinga av tilskot.

Revisjon

Tilskot over kr 200 000 skal reviderast. Dette gjeld ikkje organisasjonar som nyttar kommunerevisjon eller eit anna offentleg revisjonsorgan.

UTBETALINGSRETTLEIING

Alle statlege verksemder krev elektronisk faktura og kreditnota i samsvar med standarden elektronisk handelsformat (EHF). For meir informasjon om elektronisk faktura og EHF, sjå [anskaffelser.no](#).

Fakturaadresse:

Organisasjonsnummer: 992 462 744
Kunst i offentlege rom, KORO fond
Fakturamottak DFØ
Postboks 4746, Torgarden
7468 Trondheim

Rettleiing for kunstnarar, kuratorar og sivilsamfunnsaktørar

- Signer og returner tilsendt tilskotsskjema til KORO.
- Send elektronisk faktura (EHF) til KORO på 80 % av det totale tilskotet, med 30 dagars betalingsfrist.
- Merk EHF-fakturaen med prosjektnummer og prosjektnamn (sjå informasjon på tilskotsskjemaet).
- Når sluttrapporten frå tilskotsmottakaren er levert og godkjend av KORO, sender vi ut bestilling på siste faktura.
- Send EHF-faktura til KORO på siste utbetaling på 20 % av det totale tilskotet, med 30 dagars betalingsfrist.
- Send inn sluttrapporten seinast tre månader etter oppgitt slutt dato.

Rettleiing for kommunar og fylkeskommunar

- Send elektronisk faktura (EHF) til KORO på det totale tilskotet etter at KORO skriftleg har godkjend sluttrapporten. Send inn sluttrapporten seinast tre månader etter oppgitt slutt dato.
- Send EHF-faktura med 30 dagars betalingsfrist.
- Merk EHF-fakturaen med prosjektnummer og prosjektnamn (sjå informasjon på tilskotsskjemaet).

Alternativ

Har du ikkje eit faktureringssystem frå før, eller har eit system som ikkje handterer EHF-fakturaer, kan vi anbefale ein nettbasert fakturaportal. Dette er ei enkel løysing for å lage og sende faktura på rett måte. For meir informasjon, sjå [anskaffelser.no](#).

Spørsmål

Spørsmål om fakturering: post@koro.no

Spørsmål om rekneskap: bs@koro.no og zk@koro.no

Telefon: 22 99 11 99

SKJEMA FOR SLUTTRAPPOR

Elektronisk skjema for sluttrapport blir lagt her seinare.

STYRINGSDOKUMENT

- Personvernerklæring
- Retningslinjer for tilskotsmottakarar

Begge dokumenta ligg på koro.no

KONTAKTPERSONAR – KVEN KAN SVARE PÅ KVA?

Utfylling av søknadsskjemaet: post@koro.no

Telefon: 22 99 11 99

Kunstnarar/kuratorar:

Bo Krister Wallstrøm: bw@koro.no

Nora Nerdrum: ncn@koro.no

Kommunar/fylkeskommunar:

Truls Ramberg: tr@koro.no

Anna:

Anne Christine Schjetne: acs@koro.no

Sjå søknadskjema på koro.no